



Sandøy kommune

PLAN FOR OVERGANG BARNEHAGE - SKULE

Denne planen er forankra i Lov om barnehagar (2005) og Rammeplanen (2006), Opplæringslova (1998) og St.meld. nr.16 "Tidleg innsats for livslang læring". Vi har òg funne støtte i veileder frå Kunnskapsdepartementet "Fra eldst til yngst".

Lov om barnehagar (2005) og Rammeplanen (2006):

"Barnehagen skal, i samarbeid med skolen, legge til rette for barns overgang fra barnehage til første klasse og eventuelt skolefritidsordning. Dette skal skje i nært samarbeid med barnet sin heim. Planer for barnet sin overgang frå barnehagen til skule må vere nedfelt i barnehagen sin årsplan." "Barnehage og skole er begge institusjoner for omsorg, oppdragelse, lek og læring. Barn vil møte både likhetstrekk og ulikheter mellom institusjonene. Barnehage og skole bør gi hverandre gjensidig informasjon om sine respektive virksomheter."

Opplæringslova(1998):

"Godt og systematisk samarbeid mellom barnehagen og barnetrinn, barnetrinn og ungdomstrinn, ungdomstrinn og vidaregåande opplæring skal bidra til å lette overgangen mellom de ulike trinna i opplæringsløpet."

St.meld. nr.16, "Tidleg innsats for livslang læring":

"For at ein skule skal kunne tilrettelegge opplæringa for elevane på best mulig måte frå første dag, er det viktig med god kommunikasjon mellom barnehage og skole. En god overgang frå heim og barnehage til 1. klasse kan være bestemmande for skulegangen, for sjølvbildet og seinare kompetanse. Kommunane må planlegge og legge tilrette for gode overgangar og tverretatlig samarbeid."

Hovudmål for planen:

- Alle barn skal føle seg trygg, vere motivert, og glede seg til å starte på skulen.
- Barnehagetida skal avsluttast på ein god måte, og skulen førebur seg på å ta imot barnet.
- Barnehage og skule har ulike læringstradisjonar som skal vere likeverdige i eit samanhengande utdanningsforløp.

Overgangar inneber endringar og endringar skaper behov

Barnehagen og skulen skal vere ein del av eit samanhengande utdanningsforløp, likevel vil der vere overgangar. For nokon vil dette gå greit, for andre kan det vere ei utfordring. Likt for alle er at det inneber endringar i kvardagen. Gode system og klare rutiner vil vere med på å lette overgangen for alle involverte: skulen, barnehagen, foreldre/føresette og barna.

Skulen sitt behov:

- få relevant informasjon om og møte dei nye elevane og foreldre/føresette
- gi nødvendig informasjon frå skulen til elevane og foreldre/føresette

Barnehagen sitt behov:

- ha kunnskap om kva som ventar barna når dei starter på skulen
- i samarbeid med foreldre/føresette å kunne førebu barna til skulestart

Foreldre/føresette sine behov:

- få informasjon om skulen og SFO, og kva som ventar barna ved skulestart
- i samarbeid med barnehagen å kunne førebu barnet til skulestart
- få gi nødvendig informasjon om sitt barn til skulen

Barna sine behov:

- vere godt førebudd og glede seg til skulestart

Kva vil det seie å vere godt førebudd til skulestart ?

Nokre moment kan vere lurt å ha vore gjennom og førebudd seg på for barnet, før barnet skal starte på skulen. Foreldre/føresette er ein viktig ressurs i denne samanhengen, samstundes som barnehagen og skulen skal bidra gjennom sitt samarbeid.

- Vere sjølvstendig i do- og garderobesituasjon:
 - Kunne knyte sko sjølv, eventuelt ha sko med borrelås/strekk.
 - Kunne lukke jakka
 - Kunne kle på seg sjølv.
 - Vere bevisst på klede i forhold til vèr
 - Klare seg sjølv på toalettet
- Gjennom minimum to besøk på skulen i løpet av det siste året i barnehagen (barnehagen og skulen er ansvarlege) og førskuledagen (skulen og foreldre/føresette er ansvarlege) skal barna få:
 - kjennskap til korleis ein skuledag er for 1. klassingane (sitte ved pulten, lytte, rekke opp handa, friminutt, arbeidsoppgåver sjølvstendig og i grupper osv.)
 - bli kjend med skulens område både inne og ute (klasserom, toalett, korleis uteområdet er inndelt, ol.)
 - møte dei vaksne som arbeider på småtrinnet, i administrasjonen, på SFO og kontaktlærer (førskuledagen)
 - synleggjort kven dei skal gå i klasse med
- Vere ein del av eit fellesskap og ha venner i klassen:
 - vi arbeider for å styrke det enkelte barnet sitt sjølvbilde og forståinga av seg sjølv i samspel med andre
 - vi arbeider for at alle får ta del i eit fellesskap, både i små og store grupper

Barnehagen og skulen sine læringstradisjonar

Det er både felles trekk og forskjeller mellom barnehage og skule. Begge skal rette fokus mot likeverd og kvalitet i omsorg og opplæring. Barnehagen skal arbeide tverrfagleg med sju fagområder som i stor grad er dei samme som barn vil møte igjen som enkeltfag i skulen. Barnehagen og skulen har likevel ulike læringstradisjonar. Barnehagen arbeider med prosessmål og legg vekt på omsorg, leik og læring i her-og no-situasjonar. Skulen arbeider med og legg vekt på målbare kunnskap- og ferdigheitsmål for dei ulike trinna. Dei ulike læringstradisjonane skal vere likeverdige og utfylle kvarandre i barn sitt utdanningsforløp. Felles for barnehage og skule er eit ønske om å stimulere lysten til å lære.

TILTAKSPLAN FOR OVERGANG BARNEHAGE-SKULE I SANDØY KOMMUNE

Når	Aktivitet	Ansvarleg (Den som står først er hovudansvarleg)
August –året før skulestart	Lage plan for 6-åringane sitt siste år i barnehagen	Barnehagen/ped.leiar
September	Avtale besøk på skulen i små grupper (Alle 6-åringane får besøke skulen og SFO minimum 1 gong i løpet av september - november)	Ped.leiar/kontaktlærer for 1.klasse
	Melde frå til skulen om barn med behov for særskildte ressursar	Barnehagen
Oktober	1.klasse besøker 6-åringane i barnehagen (intervju og samtale mellom barna om å starte på skulen)	Kontaktlærer for 1.klasse/ped.leiar
	Foreldremøte: informasjon til komande 1.klasse- foreldre, skulen deltek	Barnehagen/skulen
Januar	Utarbeide IP for barn med særskildte behov	Barnehagen/skulen
	Avtale besøk på skulen i små grupper (Alle 6-åringane får besøke skulen og SFO minimum 1 gong i løpet av januar - april)	Ped.leiar/kontaktlærer for 1.klasse
April	6-åringane får brev om kva lærar dei skal ha og om førskuledagen, kopi til barnehagen Besøk til skulen: 6.åringane og lærar får møtes	Skulen Skulen/barnehagen
	Fadderordning: komande 1.klassingar får møte fadderane sine (komande 5.klassingar)	Kontaktlærer for 4.klasse/ped.leiar
Mai	Førskuledag og Innskriving på skulen m.m	Skulen/foreldre
	Informasjonsamtale mellom skulen og barnehagen	Skulen/barnehagen
	Utarbeide IP for barn med særskildte behov	Skulen/barnehagen
Juni	Foreldremøte med skulen og SFO	Skulen/foreldre
	Søkandsfrist til SFO	Skulen
	Foreldremøte med foreldre til minoritetsspråkelege barn, evt med tolk	Skulen
	Avslutningstur for 6-åringane i barnehagen, komande kontaktlærer får invitasjon	Barnehagen
	Evaluering av plan for overgang barnehage-skule	Skulen/barnehagen


Skjema under utarbeiding for å sikre god informasjonsflyt ved skulestart

- Samtykke-erklæring frå foreldre til overgangsamtale mellom barnehage og skule
- Overgangsskjema frå føresette og barnehagen til skulen for minoritetsspråkelege barn
- Innskriving ved skulestart (føresette informerer om barnet til skulen)

Denne planen er utarbeidd av:



Nils Magne Abelseth
Leiar for undervisningstenester



Karin Breivik Grytten
Leiar for barnehagetenester



Birgitte Brunvoll Harnes
Kontaktlærer på småskuletrinnet ved
Harøy skule



Kristin Huse
Pedagogisk leiar m/utvida ansvar for
kompetanseheving ved Harøy barnehage